Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 Fylke: Troms

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Berg

Emne: Brynet Bygdelag: Bergsfjorden

Oppskr. av: Edna Storeng Gard: Bergsbotn

(adresse): Bergsbotn G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. delvis

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eg har snakka med ein gamal mann, 85 år, her.

SVAR

1. Ordet bryne brukast i bygda.
Kvin seier dei om rettelig finne bryner, dei er alltid av natursstein.
Før i tida fekk dei bryner frå Salangen, men no kjøpar ein deim på butikkane i byen og elles over alt.
Det er no før det meste kunststein ein brukar til bryne.

2 Alle reiskaper blir først slipa på vanleg rund slipestein, sidan brynt. Det heiter eit bryne, å bryne.
Eg har høyrt fortalt om at dei i gamle dagar gjekk i fjøra og fann seg ein stein når ljåen eller kniven vart for ukvass.

4. Ingen har høyrt om at dei bruka ljåen utan å slipa han.

5. Ingen har høyrt om ein slik stein som er nemt i pkt. 5.

6. Ljåen brukar dei til han er ukvass og treng bryning.

7. Ein brukar helst noko større bryner til ljåar enn elles.

8. Dei fleste her let ljåen setja på orvet når dei slipar. Ljåen er i mange høve surra fast med streng eller granne taug. Dei held i orvet og ljåen med dei slipar, snur eggja mot seg.

9. Når dei bryner, legg dei armen over baken på ljåen. Folk brukar berre langorv.

10. Dei brukar ikkje kopp til brynet.

11 Har ikkje høyrt tale om det.

12. — " — " —

13. Ein fukter alltid brynet, både det av naturstein og av kunststein. men alltid med vatn – eller ein spyttar på det.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 272
BYGDØY